

INNHALD:

MELOING OM DET FASTE RAPPORTSYSTEMET

MELOING OM KK-KAMPNAJA

DIREKTIV OM ØKONOMI DISKUSJON

DIREKTIV OM KVINNEFORNT-LANDSMÖTET

MELOING TIL DSAR

DIREKTIV OM NOMINASJONSARBEIDET FÖR AKPs 2.LANDSMÖTE

- VEDLEGG: 1. Organisatorm (til alle DS-medl.)
2. Nytt kontingentdirektiv (til alle avdelingsstyrer)
3. Nytt kontingentrapportskjema (-"-)
4. Nytt kontingentrapportskjema (til bruk for DS)
5. Nye skjema for årsrapport og kvartalsrapport (til alle avdelingsstyrer)
6. Opplegg for den obl. ökon.diskusjonen i DSAR
7. Skjema for studierapport (til alle avdelingsstyrer)

Oslo 28/11 1975

MELDING OM DET FASTE RAPPORTSYSTEMET I PARTIET

Lagt ved finn de nye rapportskjema for kontingenten og nye rapportskjema for medlemsutviklinga.

Vi vil innskjerpe at desse skjema skal brukast, både av avdelingane og av DS, og dei skal leverast inn saman med kontingenten kvart kvartal.

MELDING OM KK-KAMPANJA

Målsettinga på 2500 abonnentar er ei ekstern målsetting. Den interne målsettinga er 3000, og det er denne som minimum må oppfyllest for å legge grunnen for 2 gonger i veka. P.t. tyder det 300 abb. i veka, medan det som kjem inn er 140-150.

Alle lokale målsettingar må oppfyllest, og dei som ligg bra an, må ta sikte på å overoppfylle.

For å nå målsettingane må arbeidet med kampanja trappast opp.

DIREKTIV OM ØKONOMI I STUBJON

Etter vedtak i SKAU er alle DS/AU pålagt å gjennomføre ein diskusjon om økonomiarbeidet. Min kamerat vil på vegne av SK innleie på møtet. Førebuingsmateriale ligg ved denne rutina.

Etter vedtektene skal DS/au ha kasserer i AU. Dersom DS bryt vedtektene på dette punktet, vil vi likevel ha kasserer med på møtet dersom han/ho er medlem av DS, elles ikkje.

Vi foreslår at møtet heldast

med tidsramme

(meld frå straks dersom dette er vanskeleg)

DIREKTIV OM KVINNEFRONT-LANDSMÖTET

DS må vite kven av delegatane frå distriktet som er partimedlemmar på førehand. Blant desse skal det peikast ut ein fraksjonsleiar.

Fraksjonsleiaran vil bli innkalt til ein sentralfraksjon i samband med Landsmötet, og denne fraksjonsleiaran vil få ansvaret for fraksjoneringa med dei andre medlemmane frå distriktet under mötet.

MELDING TIL DSAU

Vi melder med dette at SK i løpet av desember vil ta direkte kontakt med dere for å diskutere den faglig-politiske situasjonen og oppgavene på dette feltet i tida framvover.

SKAU

DIREKTIV OM NOMINASJONSARBEIDET FÖRE AKP(n-1) SITT 2.LANDSMÖTE.

I. Partiet sitt neste landsmöte skal som kjent haldast i løpet av 1976. Ei av dei sentrale sakene på landsmötet vert å velje ny Sentralkomite.

Oppsummeringa av kampen mot högreavviket i partiet, diskusjon og vedtak i programatsike spørsmål og utstaking av partiet sine liner på mange viktige kampfelt er oppgåver landsmötet og landsmöteförebuingane i partiet sine grunnorganisasjonar vil ha å löyse.

På bakgrunn av den stadig skjerpa faren for ein ny verdskrig, skjerpinga av klassekampen og naudsynet av å utvikle partiet sine liner for å möte denne utviklinga tyder at dette landsmötet kjem til å bli sær viktig for partiet, arbeidarklassen og den sosialistiske revolusjonen.

At partiet sine landsmöteförebuingar set landsmötet i stand til å velje ei leiing, som på kraftfullt vis evnar å setje dei linene landsmötet trekk opp ut i livet, pålegg alle partiorgan og kvar einskild medlem eit stort ansvar for å jobbe aktivt og målmedvetent med nominasjonsarbeidet.

Utgangspunktet må vera at ein gjer fränlegg om einkvar kamerat: ein meiner har kvalifikasjonar og eigenskapar å tilföre partileiinga, anten vedkomande finst i same avdeling som ein sjölv eller i andre partiavdelingar. Ver dristige med kritikk og sjölvkritikk, gjer fränlegg om kandidatar, kritisar arbeidet deira, finn sterke og veike sider ved dei osb.

II. Älment må målsettinga med nominasjonsarbeidet vera å nominere mange arbeidarar samstundes som det vert lagt stor vekt på politisk og ideologisk nivå og röynsler frå klassekamp og revolusjonært arbeid.

III. Etter vår meining må kameratane leggje vekt på fölgjande kriterier i nominasjonen og vurderinga av kandidatar til partileiinga:

1) Politisk og ideologisk nivå. Dette må vera eit hovedkriterium i vurderinga av den einskilte kameraten. Evne til politisk analyse, grep om strategiske spørsmål og om taktikk, viljen til å studere marxismen-leninismen sine klassikarar og interesse for teoretisk arbeid er saker ein må trekke inn fir å vurderé nivået til dei kadrane ein önskjer å nominere. Vidare må klassestandpunkt, tilhövet til massearbeid og grep om organisasjonsarbeid vera viktige moment i vurderinga av nivået.

- 2) "Partstid" i partiet. Etter vår mening må ein kamerat som vert nominert ha vore medlem av ml-rørsle minimun sia parti-skipinga. Sjølv sagt vil vi vurdere kameratar som ikkje oppfyller dette kravet, men det vil i alle høve vera eit viktig arbeids-prinsipp for nominasjonskomiteen.
- 3) Lojalitet til partiet. I nominasjonsarbeidet må det leggjast vekt på å finne fram til kameratar som har synt lojalitet til partiet, som har synt prinsippfasthet og ikkje vakling i samband med åtak på partiet og partilina.
- 4) Tilhøvet til den moderne revisjonismen. I nominasjonane må det leggjast vekt på å finne fram til kameratar som har synt evne til å føre kamp mot revisjonistiske avvik i partiet, som har skjønt den moderne revisjonismen sin reaksjonære karakter og som har gått i brodden for kampen mot den moderne revisjonismen.
- 5) Demokratisk sentralisme/partidisciplin. I vurderinga av kameratar ein ønskjer å nominere må det leggjast vekt på at vedkomande har synt evne til å halde på den demokratiske sentralismen i arbeidet, at kameraten set partidisciplinen høgt, kjemper for einskapen i partiet og ikkje farer med splittingsverksend og fraksjonsmakeri.
- 6) Enkelt liv - hardt arbeid. I vurdering av kameratar ein ønskjer å nominere må ein leite etter kadrar som set partiet, arbeidar-klassen og revolusjonen sine interesser føre sine eigne, som ikkje jagar etter rampelyset og personlege føremoner. Kandidatane må syne evne til hardt og uegennyttig arbeid, og ikkje vera "sondags og solskinnskommunistar" som overordnar sine eigne, personlege interesser revolusjonen og partiet sine interesser.
- 7) Diskvalifiserande personlege eigenskapar. Sakar som alkohol-misbruk o.l. feil må vurderast som diskvalifiserande når kameratar skal vurderast til nominasjon.

IV. Distriktsstyret skal informere avdelingsstyra om desse ret-ningslinene. De skal påleggje styrene å gjere dei kjent for med-lemmene, og be dei mobilisere medlemmene til å nominere kameratar dei meiner er aktuelle for vurdering.

DS skal ikkje i denne omgangen krevja at avdelingane skal ha möte om nominasjonane. Eit slikt möte i avdelingane skal haldast til våren. Opplegget er i fyrste omgang å få framlegg til kandidatar frå medlemma, som nominasjonskomiteen kan arbeida nærare med.

DS skal samle inn framlegg på kandidatar frå medlemma i avdelingane og overlevere dei på forsvarleg vis innan 1/2 -76.

Nominasjonskomiteen, på oppdrag frå AU i AKP(ml)s SK.